



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.: 2024/2229

Vår ref.: 24/31

Vår dato: 12.04.2024

Sakshandsamar: Elisabeth Øien // Kontoret  
for kvalifisering og sosiale tjenester

## Spørsmål om å kombinere stønadsformar i sosialtenestelova paragraf 21

Arbeids- og velferdsdirektoratet fekk 7. februar 2024 ein førespurnad frå Statsforvaltaren i Vestland om stønadsformer etter sosialtenestelova. De spør om lova opnar for at dei ulike stønadsformene kan kombinerast. De spør særleg om varer og tenester kan kombinerast med lån, gitt at vilkåra isolert sett er oppfylte for kvar av stønadsformene.

Slik me tolkar førespurnaden dykkar, spør de om det kan gjerast vedtak der stønad for ei bestemd utgift blir innvilga både som vare og teneste og som lån, slik at utgifta for vare/tenesta kan krevjast tilbake som eit lån. Det er sosialtenestelova (sotjl.) § 21 som regulerer dei ulike stønadsformene.

§ 21 første ledd lyder som følgjer:

«Økonomisk stønad gis som bidrag, lån, garanti for lån, eller varer og tjenester.»

Bestemmelsen inneheld alternative stønadsformer. Slik me tolkar ordlyden kan ikkje stønadsformene kombinerast. Me finn heller ikkje haldepunkt i forarbeida som tilseier at ordlyden skal forståast på ein annan måte. NAV-kontoret må gjere ein konkret og individuell vurdering av kva slag stønadsform som skal nyttast.

Ved vurdering av kva stønadsform som skal nyttast, er utgangspunktet at økonomisk stønad skal gjevast som bidrag. Dersom NAV-kontoret i si vurdering kjem fram til at tenestemottakar har evne til å betale tilbake i samsvar med § 21 andre ledd, kan stønaden gjevast som lån. Ved vurdering av stønad i ein nødssituasjon skal ikkje lån vurderast.

Unntaksvis kan NAV-kontoret vedta at stønad skal gjevast som varer og tenester i medhald av § 21 fjerde ledd. Dette inneber at NAV-kontoret anten utbetalar stønaden til andre som betaling på vegner av tenestemottakar, eller at NAV-kontoret direkte skaffar ei vare eller rekvisisjon på ei vare. Stønad i form av varer og tenester innskrenkar handlingsfridommen til

**NAV // ARBEIDS- OG VELFERDSDIREKTORATET // KONTORET FOR KVALIFISERING OG SOSIALE TJENESTER**

Postadresse: Postboks 354 // 8601 MO I RANA

E-post: arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no

[www.nav.no](http://www.nav.no) //

brukar, og avgrensinga skal ikkje gå lenger enn nødvendig. Det er ikkje høve til å krevje utgifta betalt tilbake som lån når stønadsforma varer og tenester er nytta.

Eit vedtak kan innehalda stønad til fleire ulike utgifter/formål. Stønadsnivået og stønadsforma må vurderast individuelt for kvar av desse. Det betyr at det i eit vedtak kan vere fleire stønadsformer dersom vedtaket inneheld stønad til fleire formål. Eit døme på dette kan vere at husleiga blir betalt direkte til huseigar i medhald av § 21 fjerde ledd, men at stønad til livsopphald elles blir utbetalt til tenestemottakar. Eit vedtak kan ha fleire stønadsformer når det blir innvilga stønad til ulike formål/utgifter, men ei bestemd utgift kan ikkje ha fleire stønadsformer.

Ta kontakt dersom noe er uklart.

Med helsing

Nina Strømmen  
kontorsjef  
Kvalifiseringskontoret

Elisabeth Øien  
seniorrådgjevar  
Kvalifiseringskontoret

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*